

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato:	07.05.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 09:30 - 16:20

Medlemer som møtte	Parti
Espen Cornell Jacobsen	Arbeidarpartiet
Espen Stølsnes Harkestad	Arbeidarpartiet
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeidarpartiet
Rebekka Bjelkarøy Moldøyen (permisjon frå sak 055/26)	Arbeidarpartiet
Silje Ulveseth	Arbeidarpartiet
Stian Oen	Arbeidarpartiet
Christian Daae-Hansen (permisjon før votering i sak 049/26)	Fremskrittspartiet
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet
Marit Fjæreide	Fremskrittspartiet
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet
Sølvi Anita Schei	Fremskrittspartiet
Andreas Kalleklev	Høgre
Anita Vindenes	Høgre
Beate Bjelland	Høgre
Inge Kausland (permisjon frå kl. 14.30, etter sak 049/26)	Høgre
Michael Sangolt	Høgre
Nils Kåre Skoge	Høgre
Renate Toft	Høgre
Rikard Toft Ledang (permisjon frå sak 049/26 til og med sak 052/26)	Høgre
Robert Kaupang Sæle	Høgre
Silvia Haugland	Høgre
Stian Telle	Høgre
Synne Nordøy	Høgre
Tom Georg Indrevik	Høgre
Robert Lund (permisjon frå sak 055/26)	Industri- og næringspartiet
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Ingvill Kvalsnes Blom	Kristeleg folkeparti
Andreas Ormevik	Miljøpartiet Dei Grøne
Karin Florence Bjærum	Pensjonistpartiet
Nils Bjarte Sæle	Raudt
Børge Haugetun	Sotralista-TVØ
Jan Utkilen	Sotralista-TVØ
Nina Glesnes	Sotralista-TVØ

Sølvi Kobbeltvedt	Senterpartiet
Symphorien Pombe	SV - Sosialistisk Venstreparti
Elizabeth Toft Erichsen	Venstre

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Anita Andrine Skjold Hellesø	Ap	Liv Edel Mikkelsen	Ap
Anfinn Hammer Feng	FrP	Kjell Arne Skålevik	FrP
Anita Garlid Johannessen	FrP	Linda Hellesund	FrP
Ernst Morten Einarsen	H	Kjetil Søyland	H
Robert Krondorfer	INP	Bjarne Tjong	INP
Sverre Svindland Myrekrok	INP	Ikkje vara tilgjengeleg	
Trond Ågotnes	INP	Hege Renathe Glesnes	INP
Eilert Olai Hellesøy	KrF	Kenneth Hjortland	KrF
Jonas Aleksander Foldnes	SV	Marianne Rosenvold	SV

Det var 44 representantar til stades i møtet.

Desse møtte frå administrasjonen:

Kommunedirektør Johnny Breivik, kommunalsjefar; Anne Erdal, Silje Haukedal, Anne-Merete Vabø Haugane, Marius Sylta

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
042/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
043/26	Referatsaker og orienteringer	
044/26	Forvaltningsrevisjonsrapport samfunnssikkerheit og beredskap - rapport	
045/26	Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025	
046/26	Kvartalsrapport 1. kvartal 2026	
047/26	Finansrapport 1. kvartal 2026 - pr 31.03.26	
048/26	Forskottering av spelemidlar- tilskot til banedekke i Sotra fotballhall - avtale om bruk av fotballhall	
049/26	Prinsippsak- kommunalt tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd (ØFK)	
050/26	Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026	
051/26	Fullmakt til å overføre gamle skulebygg - Glesnes, Telavåg, Algrøy og delar av Sund skule	
052/26	Forslag til framtidig organisering av den kommunale bustadforvaltninga	
053/26	Midlertidig endring av alkoholpolitisk handlingsplan og tilhøyrande forskrift om skjenketider i Øygarden kommune - Fotball-VM 2026	
054/26	Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular	
055/26	Vurdering av opning av bassenget ved Fjell ungdomsskule	
056/26	Båtruta Geitanger - Knappskog - ny vurdering etter privat initiativ til medfinansiering av ny kontrakt	
057/26	Prinsippvedtak - Føresetnadar for bruk av utbyggingsavtalar i Øygarden kommune - Vedtak etter plan- og bygningslova § 17-2 - Etter høyring	
058/26	Endring av forskrift om politivedtekt for Øygaren kommune	
059/26	Interpellasjonar og spørsmål	

042/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Val av settevaraordførar

Varaordføraren har forfall til møtet. Ordføraren foreslo gruppeleirar for FrP, Kristin Børve Jacobsen som settevaraordførar i møtet. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 042/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Kristin Børve Jacobsen (FrP) vart vald som settevaraordførar i møtet.

043/26: Referatsaker og orienteringer

Forslag til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

- Øygarden kjernekraft - Status og planar for søknad om kjernekraftverk i Øygarden v/styreleiar Susanne Møgster Sperrevik
- Til sak - PS 044/26 Forvaltningsrevisjonsrapport samfunnsikkerheit og beredskap v/Deloitte - Erlend Risvand Mo

- Til sak - PS 045/26 Tilstandsrapport barnevernet v/Hege Gundersen
- Framdrift - Arealdelen til kommuneplanen v/Lisbeth Selstø og Kristina Espeseth
Utvalsleiar Svein Otto Jacobsen, innleia orienteringa.

Ordføraren orienterte om desse sakene:

Miljøløftet

Vi hadde i Øygarden eit møte i politisk styringsgruppe for Miljøløftet tysdag 14. april. Politisk leiing frå mellom anna Samferdselsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet deltok.

For oss vart dette ei nyttig og positiv samling. Vi fekk gode signal om vidare arbeid og prioriteringar. Vi håpar derfor at reforhandlingane kan koma i gang i takt med dei andre byområda.

Kampanjen «Byt gir» har vore synleg denne våren, med ekstra merksemd på sykling og mikromobilitet. Dette passar godt med arbeidet vårt for å leggja til rette for fleire kvardagsreiser utan bil.

Vi ser òg positivt på lokale tiltak som kan gjera terskelen lågare for å velja sykkel. Det kan til dømes vera ordningar som gjer det enklare å prøva, vedlikehalda eller dela sykkel i nærmiljøa. Vi bør derfor intensivera arbeidet med å få på plass ei bygdesykkelfordring.

One Ocean Week

One Ocean Week vart arrangert i Bergen 18.–24. april, med eit breitt program av konferansar, seminar, utstillingar og publikumsaktivitetar.

Arrangementa løfta fram kor sentralt havet er for berekraftig utvikling, og programmet hadde særleg fokus på kva som driv ei berekraftig utvikling av havnæringane. Det spente frå teknologi og innovasjon til forvaltning og rammevilkår.

Fleire programpostar hadde tydeleg kopling til Øygarden og rolla vår i det grønne skiftet. Dette galdt mellom anna merksemd på karbonfangst og -lagring (CCS) og satsingar som Northern Lights.

Arenaveien

Når det gjeld Arenaveien, er vi i tett dialog med utbyggjar. Målet er å finna ei løysing som gjer at vi kan opna vegen så snart som råd

Dersom vi kjem til semje, vil vi leggja saka fram for politisk behandling i junimøtet. Då kan vi få ei ryddig avklaring og god framdrift.

Kontortid på Rong og i Skogsskiftet

Tidlegare i år gjennomførte vi dialogmøte på Rong og i Skogsskiftet. Møta gav oss nyttige innspel frå innbyggjarane om lokale behov og prioriteringar. Det kom òg tydeleg fram eit sterkt ønske om meir tilstadeverande politisk leiing.

Ordføraren kjem til å halda fram med kontortid med jamne mellomrom. Dette skal gjera det lettare å ta opp saker, stilla spørsmål og få direkte kontakt med kommunen – også utanom dei faste møtearenaene.

Tiårsmarkering av Turøy-ulukka

29. april var det ti år sidan den tragiske ulukka på Turøy, der 13 menneske omkom. I samarbeid med Equinor markerte vi dagen med eit arrangement for dei pårørande der over 200 personar deltok.

Ordføraren vil retta ein særskild takk til kulturavdelinga og Vigleik Brekke, som hadde ansvar for den praktiske gjennomføringa av arrangementet.

HavExpo

Tysdag denne veka hadde vi besøk av mellom anna fiskeri- og havminister Marianne Sivertsen Næss i samband med den offisielle opninga av HavExpo 2026 på Straume.

HavExpo er ein internasjonal møteplass for havbruk og fiskeri, og arrangementet har utvikla seg til å bli ei av dei viktigaste messene i landet for havnæringane. Slike arenaer er viktige. Dei gir høve til å visa fram ny teknologi og samla næring, forvalting og forskning om felles utfordringar og moglegheiter.

Stafett for livet

Stafett for livet vert også i år arrangert i kommunen. I fjor var vi ein av stadene med flest deltakarar. I år vert arrangementet halde 6.–7. juni på Ågotnes.

Ordføraren håpar mange vil delta på ulike lag. Eg har òg oppretta eit eige politikerlag som er ope for alle.

Totalforsvarsåret 2026

2026 er peika ut som Totalforsvarsåret. Målet er å styrkja samhandlinga mellom sivile og militære ressursar og gjera Noreg betre rusta til å førebyggja og handtera alvorlege hendingar.

I kommunen markerte vi mellom anna beredskapsdagen på Straume 9. april. Dette var eit viktig bidrag til å byggja kunnskap, nettverk og medvit om eigen beredskap.

Markering 8. mai

I morgon, 8. mai, markerer vi frigjerings- og veterandagen over heile kommunen. Dagen minner oss om frigjeringa i 1945 og er samstundes ei nasjonal markering av veteranar og innsatsen deira for fred og fridom. Dette er ei viktig og verdig markering, både for å heidra historia vår og for å takka dei som har tent landet, heime og ute.

Kommunedirektøren orienterte om desse sakene:

Økonomisk situasjon i Øygarden kommune

- Den økonomiske situasjonen i Øygarden kommune har utvikla seg positivt det siste året.
- Per mars 2026 er netto driftsresultat **16,8 mill. kr** betre enn periodisert budsjett hittil i år.
- På same tidspunkt i fjor hadde kommunen eit **meirforbruk på om lag 20 mill. kr.**

Drift i kommunalsjefområda

- Kommunalsjefområda, det vil seia den underliggjande drifta, har eit samla **mindreforbruk på 7,6 mill. kr** per første kvartal 2026.
- Per mars i fjor hadde kommunalsjefområda eit samla **meirforbruk på 25,6 mill. kr.**
- Dette viser at snuoperasjonen vi gjennomførte i fjor, har verka.
- Eg vil gje honnør til både modige politiske vedtak og til tilsette som lojalt har følgd opp vedtaka.

Vidare omstilling og økonomiske utfordringar

- Trass i den positive utviklinga er det svært viktig å halda fram med omstillingsarbeidet.
- Kvartalsrapporten som de skal behandla seinare i møtet, viser at fleire utanforliggjande forhold påverkar økonomien negativt.
- Kommunalsjefområdet Helse og velferd merkar allereie at demografiske endringar utfordrar kapasiteten innan eldreomsorga.
- I tillegg skal kommunen handtera:
 - eit omfattande vedlikehaldsetterslep
 - eit ambisiøst investeringsprogram i åra som kjem
- Samla sett inneber dette at dei komande budsjetta vil krevja tydelege og krevjande prioriteringar.
- Dette er også bakgrunnen for saka om tilskotet til kyrkja som ligg til behandling i dag.

Sjukefråvær og arbeidsmiljø

- Sjukefråværet er framleis for høgt.
- Vi arbeider no med nye og konkrete tiltak for å snu utviklinga.
- Arbeidsmiljøutvalet (ADMU) vil få ei nærare orientering om tiltaka på møtet 18. mai.

KS-nettverk for berekraftig omstilling

- I førre veke deltok vi på oppstarten av KS-nettverket for berekraftig omstilling i kommunar.
- Nettverket omfattar kommunar i Vestland og Rogaland som står i liknande omstillingsprosessar.
- Målet er å arbeida systematisk med å tilpassa kommunal drift til nye økonomiske rammer.
- Vi meiner at samlingane vil styrkja samhandlinga mellom politisk nivå, administrasjon og tillitsvalde om dei vegvala vi står overfor.
- Politisk representasjon i nettverket:
 - ordføraren
 - to representantar frå formannskapet: Marianne Sandahl Bjorøy og Silvia Haugland
 - utvalsleiar Ernst Einarsen

Vi arbeider no med å ramma inn dette arbeidet nærare og vil halda kommunestyret fortløpande orientert.

Flytting av godshamna

- Arbeidet med flytting av godshamna er inne i slutfasen.

- Vi vurderer det som realistisk å ha utkast til avtalar klare før ferien.
- Kommunestyret vil då få sakene til behandling i septembermøtet.
- Prosessen må tilpassast saksgangen i Bergen kommune, då sakene vert behandla parallelt i begge kommunane.

Ny ungdomsskule

- Samspelsfasen og detaljprosjekteringa av den nye ungdomsskulen er no avslutta.
- Arbeidet har vore konstruktivt, og alle involverte partar er nøgde med prosessen.
- Samspelsfasen dokumenterer at løysingane let seg gjennomføra innanfor både budsjett og dei økonomiske rammene i tilbodet.
- Vi er no klare til å signera hovudkontrakten og setja i gang det fysiske arbeidet.

Ombygging av tidlegare Terna barnehage

- Eit anna viktig prosjekt er ombygginga av den tidlegare Terna barnehage.
- Prosjektet er no eit godt steg nærare realisering etter at kommunen har tildelt ombyggingsoppdraget.
- Konkurransen var jamn og av høg kvalitet.
- Den lokale aktøren Tors Bygg vann konkurransen.
- Vi er no inne i karenstida, den lovpålagde perioden for eventuelle klagar frå tapande tilbydarar.
- Når karenstida er over, kan vi signera kontrakten.

Økonomisjefen orienterte om desse sakene:

Anbod på pensjonsleverandør

- Ny avtale om pensjonleverandør frå 01.01.27
- Arbeidsgruppe med representantar for administrasjon og tillitsvalde
- Sak om anbodet kjem til kommunestyret i juni
- Val av pensjonsleverandør i kommunestyret i november

Det var ingen merknader til orienteringane.
Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 043/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

044/26: Forvaltningsrevisjonsrapport samfunnssikkerheit og beredskap - rapport

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av samfunnssikkerheit og beredskap i Øygarden kommune til etterretning.

2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørge for å:

1. Etablere rutinar for vurdering og oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalysen, årleg og ved endringar i risikobiletet.
2. Sikre at alle tiltak for å redusere risiko og sårbarheit vert samla og systematiserte i eitt dokument, til dømes i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
3. Sikre at dei tematiske beredskapsplanane og beredskapsplanane på einingsnivå vert oppdaterte i lys av ny heilskapleg ROS frå 2025, og etablere ei samla og fullstendig oversikt over alle beredskapsplanane i kommunen.
4. Gjennomføre ei systematisk kartlegging av kapasitet og kompetansebehov for beredskapsarbeidet.
5. Utarbeide ein kompetanseplan i samsvar med funn i behovskartlegging, med tilhøyrande systematisk opplæring for dei tilsette som er tiltenkt roller i kommunen si krisehandtering.
6. Utarbeide ein heilskapleg øvingsplan som dekkjer heile kommunen, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar.
7. Utarbeide ein beredskapsplan for digitale hendingar som er integrert med den overordna beredskapsplanen, med tydeleg definerte roller og ansvar for IKT-beredskap i verksemdene, formalisere den eksisterande kontaktlista for IKT-beredskap som ei varslingsliste i Compilo, med definerte roller og ansvar i krisehandtering av cyberhendingar og operative tiltakskort for handtering av ulike typar digitale hendingar.
8. Sikre at endringar i det digitale trusselbiletet vert tekne omsyn til ved systematisk oppdatering av ROS-analyse.
9. Sikre at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar knytt til digitale hendingar og IKT-sikkerheit i relevante einingar/verksemdar der nettverks- og informasjonssystem vert nytta for å levere tenester.
10. Utarbeide ein opplæringsplan for digital sikkerheit i tråd med det overordna styrande reglement for personvern og informasjonssikkerheit.
11. Etablerer ein øvingsplan for IKT-beredskap, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar knytt til digital beredskap.

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 19. august 2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følge opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Behandling i møtet

Orientering

Deloitte ved Erlend Moe orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kommunestyret. Presentasjon vert lagt ved denne saka.

Leiar i kontrollutvalet, Stian Oen orienterte om kontrollutvalet si behandling av saka.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren (lik tilrådinga frå kontrollutvalet) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 044/26

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av samfunnsikkerheit og beredskap i Øygarden kommune til etterretning.

2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørge for å:

1. Etablere rutinar for vurdering og oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalysen, årleg og ved endringar i risikobiletet.
2. Sikre at alle tiltak for å redusere risiko og sårbarheit vert samla og systematiserte i eitt dokument, til dømes i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
3. Sikre at dei tematiske beredskapsplanane og beredskapsplanane på einingsnivå vert oppdaterte i lys av ny heilskapleg ROS frå 2025, og etablere ei samla og fullstendig oversikt over alle beredskapsplanane i kommunen.
4. Gjennomføre ei systematisk kartlegging av kapasitet og kompetansebehov for beredskapsarbeidet.
5. Utarbeide ein kompetanseplan i samsvar med funn i behovskartlegging, med tilhøyrande systematisk opplæring for dei tilsette som er tiltenkt roller i kommunen si krisehandtering.
6. Utarbeide ein heilskapleg øvingsplan som dekkjer heile kommunen, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar.
7. Utarbeide ein beredskapsplan for digitale hendingar som er integrert med den overordna beredskapsplanen, med tydeleg definerte roller og ansvar for IKT-beredskap i verksemdene, formalisere den eksisterande kontaktlista for IKT-beredskap som ei varslingsliste i Compilo, med definerte roller og ansvar i krisehandtering av cyberhendingar og operative tiltakskort for handtering av ulike typar digitale hendingar.
8. Sikre at endringar i det digitale trusselbiletet vert tekne omsyn til ved systematisk oppdatering av ROS-analyse.
9. Sikre at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar knytt til digitale hendingar og IKT-sikkerheit i relevante einingar/verksemdar der nettverks- og informasjonssystem vert nytta for å levere tenester.

10. Utarbeide ein opplæringsplan for digital sikkerheit i tråd med det overordna styrande reglement for personvern og informasjonssikkerheit.
11. Etablerer ein øvingsplan for IKT-beredskap, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar knytt til digital beredskap.

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 19. august 2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

045/26: Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Fellesframlegg Alva Betine Kilvik

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Behandling i møtet

Ungdomsrådet drøfta tilstandsrapporten til barnevernstenesta og er uroa over forhold som kjem fram i denne. I samband med dette kjem UR med desse innspela til rapporten og som dei meiner kan betre tilhøva for barn og unge i Øygarden kommune:

- auke tilbodet i skulehelsetenesta då det ofte er der barn og unge går når dei har vanskar
- auke opningstidene på innbyggartorg og bibliotek då barn og unge opplever det som ein trygg og god plass å vere
- er glad for at prosjektet Møteplass av og for ungdom på Straume snart vert realisert og vil peike på at det er behov for tilsvarande møteplassar også sentralt i den søre og nordre delen av kommunen.
- endre opningstidene til helsestasjon for ungdom på Sartor Storsenter til tidspunkta der ungdom er på senteret, som er etter skuletid og utover.
- satse på fleire utekontakter som kan vere på jobb på ettermiddag og kveldstid der ungdom ferdast og inngå samarbeid med frivillige, til dømes Natteravnar.
- arbeide for å styrke kollektivtilbod og andre transporttilbod slik at ungdom kan komme seg trygt til og frå aktivitetar
- gi meir og betre opplæring i barnehagar og skular som set barn og unge i stand til å skilje mellom kva som er vanleg/streng oppdraging og kva som er fysisk og psykisk vald i heimen

Votering

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 017/26

Tilråding frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Endringsforslaget Robert Kaupang Sæle H

Levekårsutvalet vil fremja vedtaket gjort i ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk utvalet ein presentasjon om saka ved leiar for barnevernet, Hege Gundersen.

Presentasjonen ligg ved saka.

Votering

Forslaget frå Robert Kaupang (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 021/26

Tilråding frå levekårsutvalet:

Levekårsutvalet støttar vedtaket frå ungdomsrådet (UR) og tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga i UR til vidare politisk behandling.

Kommunestyret 07.05.2026

Endringsforslag Tom Georg Indrevik H

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering og ber om at innspela til ungdomsrådet vert vurdert i det vidare arbeidet.

Behandling i møtet

Orientering

Leiar for barnevernet, Hege Gundersen orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kommunestyret. Presentasjon vert lagt ved denne saka.

Votering

Levekårsutvalet si tilråding fall.

Forslag frå Tom Georg Indrevik (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 045/26

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering og ber om at innspela frå ungdomsrådet vert vurdert i det vidare arbeidet.

046/26: Kvartalsrapport 1. kvartal 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre tar kvartalsrapporten for 1. kvartal 2026 til etterretning.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner desse budsjettjusteringane:

Tiltak	Meirutgifter/ mindreinntekter	Meirinntekter/ mindreutgifter
Rammetilskot		19 675 000
Auka skatteinntekt pga lønsoppgjer		2 500 000
Avsetnad lønsoppgjer	5 000 000	
Sentral særavtale, kompensasjon for langvakter	3 000 000	
Liggedøgn, utskrivingsklare pasienter t.o.m april	4 500 000	
Auka fire plassar Paviljongen frå 1.5	2 400 000	
Innsatsteam Heimetenesta frå 1.5	1 400 000	
Straumutgifter	3 825 000	
1,5 årsverk Familiehjelpa	1 200 000	
Tilskotsordning nyutdanna lærarar	350 000	
SFO, mindre inntekt enn budsjettert	500 000	
Tilskot nærmiljøtiltak Ekerhovd og Misje	2 200 000	
Bruk av disposisjonsfond		2 200 000
Sum	24 375 000	24 375 000

Tilleggsforslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ - Nytt punkt 3 - FORSLAGET VART TREKT Silvia Haugland H

3. 1 million av utbytte frå Eviny ASA blir disponert til ekstraordinær støtte til frivillige lag og organisasjonar, retta mot tiltak for barn og unge. Levekårsutvalet får sak i juni som inneheld forslag til kriterier for tildeling.

Alternativt punkt 2 Tom Georg Indrevik H

2. Kommunestyret ber om at saka kjem attende til formannskapet og kommunestyret i junimøta, slik at kommunestyret kan gjera eventuelle budsjettjusteringar då.

Behandling i møtet

Orientering

Økonomisjef Anne Erdal orienterte om saka og svarte på spørsmål frå formannskapet. Presentasjon er lagt ved denne saka.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag - punkt 1 - vart samrøystes tilrådd.

Forslag - alternativt punkt 2 frå Tom Georg Indrevik - vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 028/26

Formannskapet har slik tilråding til kommunestyret:

1. Øygarden kommunestyre tar kvartalsrapporten for 1. kvartal 2026 etterretning.
2. Kommunestyret ber om at saka kjem attende til formannskapet og kommunestyret i junimøta, slik at kommunestyret kan gjera eventuelle budsjettjusteringar då.

Kommunestyret 07.05.2026

Justert forslag punkt 2 Tom Georg Indrevik H

Øygarden kommunestyre godkjenner ikkje budsjettjusteringane i saka no, men ber om at kommunedirektøren legg fram eigen sak om budsjettjusteringar i juni.

Behandling i møtet

Votering

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå Tom Georg Indrevik (H) om justert punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 046/26

1. Øygarden kommunestyre tar kvartalsrapporten for 1. kvartal 2026 til etterretning.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner ikkje budsjettjusteringane i saka no, men ber om at kommunedirektøren legg fram eigen sak om budsjettjusteringar i juni.

047/26: Finansrapport 1. kvartal 2026 - pr 31.03.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.03.2026 til orientering slik den ligg føre.

Formannskapet 05.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 029/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.03.2026 til orientering slik den ligg føre.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Formannskapet si tilråding (lik forslag frå kommunedirektøren) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 047/26

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.03.2026 til orientering slik den ligg føre.

048/26: Forskottering av spelemidler- tilskot til banedekke i Sotra fotballhall - avtale om bruk av fotballhall

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret sluttar seg til desse hovudpunkta til avtale mellom Øygarden kommune og Sotra sportsklubb:

1. Sotra Sportsklubb reduserer leigepreisen med 25 prosent for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune, basert på gjeldande prisnivå per 1. mai 2026.
2. Sotra Sportsklubb skal setja av faste tider til utleige for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune.
3. Dersom andre aktørar kan betala full leige, prioriterer Sotra Sportsklubb desse.
4. Partane skal evaluera avtalen etter to år frå avtalen tek til.
5. Avtalen gjeld i fire år frå datoen for inngåing.
6. Avtalen tek til å gjelda frå 1. juli 2026.

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å utforma og inngå avtale med Sotra Sportsklubb i tråd med dei godkjende hovudpunkta.

Formannskapet 05.05.2026

Endringsforslag - Punkt 1.3 vert teke ut Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Punkt 1.3 i forslaget til vedtak vert teke ut.

Behandling i møtet

Habilitet

Espen Stølsnes Harkstad (Ap) retta førespurnad om habilitet jamfør forvaltningslova § 6. 2. ledd, då han er nestleiar i styret til Øygarden IL. Førespurnad vart samrøystes innvilga. Det var 10 representantar tilbake i møtet under behandling av denne saka.

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren, med endring etter forslag frå Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) om å ta ut punkt 1.3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 035/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret sluttar seg til desse hovudpunkta til avtale mellom Øygarden kommune og Sotra sportsklubb:

1. Sotra Sportsklubb reduserer leigepreisen med 25 prosent for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune, basert på gjeldande prisnivå per 1. mai 2026.

2. Sotra Sportsklubb skal setja av faste tider til utleige for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune.
3. ~~Dersom andre aktørar kan betala full leige, prioriterer Sotra Sportsklubb desse.~~
4. Partane skal evaluera avtalen etter to år frå avtalen tek til.
5. Avtalen gjeld i fire år frå datoen for inngåing.
6. Avtalen tek til å gjelda frå 1. juli 2026.

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å utforma og inngå avtale med Sotra Sportsklubb i tråd med dei godkjende hovudpunkta.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Habilitet

Espen Stølsnes Hørkestad (Ap) og Kjetil Søyland (H) retta førespurnad om habilitet jamfør forvaltningslova § 6. 2. ledd, då dei har styrande verv i idrettslag i kommunen. Førespurnad vart samrøystes innvilga.

Det var 42 representantar tilbake i møtet under behandling av denne saka.

Votering

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 048/26

1. Kommunestyret sluttar seg til desse hovudpunkta til avtale mellom Øygarden kommune og Sotra sportsklubb:

1. Sotra Sportsklubb reduserer leigepreisen med 25 prosent for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune, basert på gjeldande prisnivå per 1. mai 2026.
2. Sotra Sportsklubb skal setja av faste tider til utleige for lokale klubbar og idrettslag frå Øygarden kommune.
3. Partane skal evaluera avtalen etter to år frå avtalen tek til.
4. Avtalen gjeld i fire år frå datoen for inngåing.
5. Avtalen tek til å gjelda frå 1. juli 2026.

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å utforma og inngå avtale med Sotra Sportsklubb i tråd med dei godkjende hovudpunkta.

049/26: Prinsippsak- kommunalt tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd (ØFK)

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Den norske kyrkja skal inngå i kommunen sine samla vurderingar av økonomisk omstilling.
2. Kommunen skal framleis oppfylle sine lovpålagde plikter ovanfor Den norske kyrkja, inkludert forsvarleg finansiering av drift, vedlikehald av kyrkjebygg og gravplassforvaltning.
3. Kommunen skal sikre god dialog med kyrkja og medverke til føreseielegheit gjennom tidleg varsling av endringar.

Formannskapet 05.05.2026

Alternativt forslag frå KrF, H og FrP Ingvill Kvalsnes Blom KrF

1. Dei økonomiske rammeoverføringane til kyrkjeleg fellesråd skal for 2027 oppretthaldast på 2026-nivå justert med defaltor frå Statsbudsjettet

Overføringa skal frå 2027 delast i to punkt:

1. Lovpålagte tenester
2. Aktivitets tilskot / andre samfunnsoppdrag

2. Kommunen skal så snart som muleg – og seinast i september 2026 – vedta to samarbeidsavtalar, jamfør ansvaret til kommunen etter lov om trus- og livssynssamfunn § 14:

1. Avtale for leveranse av lovpålagde tenester.
2. Avtale for aktiviteter og andre samfunnsoppdrag.

3. Kommunen og kyrkja skal ha dialog med drøftingar og prioriteringar før møtet i juni. Fellesrådet skal leggja fram eit notat til møtet i formannskapet i juni som viser planar for omstilling og effektivisering.

4. Kommunen skal i vurderingane sine også ta omsyn til det samla bidraget kyrkja gjev til lokalsamfunnet, og til tenestene kyrkja yter.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå H, FrP og KrF fekk 7 stemmer (FrP (1), H (4), KrF (1), SL-TVØ (1)) og vart tilrådd.

Forslag frå kommunedirektøren fekk 4 stemmer (Ap (2), SV (1), INP (1)) og fall.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 032/26

Formannskapet har slik fleirtalstilråding i saka:

1. Dei økonomiske rammeoverføringane til kyrkjeleg fellesråd skal for 2027 oppretthaldast på 2026-nivå justert med defaltor frå Statsbudsjettet

Overføringa skal frå 2027 delast i to punkt:

1. Lovpålagte tenester
2. Aktivitets tilskot / andre samfunnsoppdrag

2. Kommunen skal så snart som muleg – og seinast i september 2026 – vedta to samarbeidsavtalar, jamfør ansvaret til kommunen etter lov om trus- og livssynssamfunn § 14:

1. Avtale for leveranse av lovpålagde tenester.
2. Avtale for aktiviteter og andre samfunnsoppdrag.

3. Kommunen og kyrkja skal ha dialog med drøftingar og prioriteringar før møtet i juni. Fellesrådet skal leggja fram eit notat til møtet i formannskapet i juni som viser planar for omstilling og effektivisering.

4. Kommunen skal i vurderingane sine også ta omsyn til det samla bidraget kyrkja gjev til lokalsamfunnet, og til tenestene kyrkja yter.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Tal på representantar i denne saka

Det var 42 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP) og Robert Kaupang Sæle (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Formannskapet si tilråding fekk 27 stemmer (FrP (6), H (13), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1)) og vart vedteke. 15 stemte mot (Ap (7), INP (3), MDG (1), R (1), SP (1), SV (2))

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 049/26

1. Dei økonomiske rammeoverføringane til kyrkjeleg fellesråd skal for 2027 oppretthaldast på 2026-nivå justert med defaltor frå Statsbudsjettet

Overføringa skal frå 2027 delast i to punkt:

1. Lovpålagte tenester
2. Aktivitets tilskot / andre samfunnsoppdrag

2. Kommunen skal så snart som muleg – og seinast i september 2026 – vedta to samarbeidsavtalar, jamfør ansvaret til kommunen etter lov om trus- og livssynssamfunn § 14:

1. Avtale for leveranse av lovpålagde tenester.
2. Avtale for aktiviteter og andre samfunnsoppdrag.
3. Kommunen og kyrkja skal ha dialog med drøftingar og prioriteringar før møtet i juni. Fellesrådet skal leggja fram eit notat til møtet i formannskapet i juni som viser planar for omstilling og effektivisering.
4. Kommunen skal i vurderingane sine også ta omsyn til det samla bidraget kyrkja gjev til lokalsamfunnet, og til tenestene kyrkja yter.

050/26: Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk UR kort orientering om arbeidet med å analysere aktuelle data ved Elin Helland-Jooste.

Ungdomsrådet hadde innspel til korleis ein kunne betre oppvekst og folkehelse for barn og unge:

- utdanning er viktig og særleg det å fullføre vidaregåande skule. For å vite kva utdanningsretning ein skal velja så foreslår UR betre høve til å kunne teste ut ulike retningar med fleire besøksdagar på aktuelle skular, høgare kvalitet på den opplæringa som vert gitt på ungdomsskulen i timane "utdanningsfag".
- styrke arbeidet med å fange opp barn og ungdom som slit med ulike fag og gi dei målretta tilbod
- styrke leseglede og lesekunnskap allereie i barnehagane og forsterke dette inn i skulen med tilbod som sommarles, lære å lese gjennom leik, språk-kommunen med meir
- utvide samarbeidet mellom skulane og biblioteka

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 021/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026

Endringsforslag Lisbeth Hjortland FFO

- RFF tek saka til orientering og ber kommunedirektøren leggja vekt på folkehelseutfordringar og forebygging og tidlig innsats i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Fellesforslag frå RFF Lisbeth Hjortland FFO

- RFF vil understreka at det er viktig å jobba for å auke kunnskapsnivået og kompetansenivået til innbyggaren, for eksempel ved å styrke vaksenopplæringa.

Behandling i møtet

Votering

Endringsforslag frå Lisbeth Hjortland vart samrøytes tilrådd.

Felles tilleggsforslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026 - saksnr. 017/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding til kommunestyret:

- RFF tek saka til orientering og ber kommunedirektøren leggja vekt på folkehelseutfordringar og forebygging og tidleg innsats i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.
- RFF vil understreka at det er viktig å jobba for å auke kunnskapsnivået og kompetansenivået til innbyggaren, for eksempel ved å styrke vaksenopplæringa.

Eldrerådet 16.04.2026

Forslag frå eldrerådet

- Eldrerådet tek rapporten til orientering.
- Eldrerådet ser med uro på utviklinga ovanfor barn og unge og er oppteke av at det blir sett i verk målretta tiltak som demmer opp mot dei utfordringane som går fram av saka. Eldrerådet rettar særleg fokus på forebyggjande arbeid.
- Eldrerådet ber om ei orientering om planar og tiltak som er sett i verk for å møte dei utfordringane som rapporten skisserer.

Behandling i møtet

Votering

Fellesforslaget frå eldrerådet vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Eldrerådet 16.04.2026 - saksnr. 019/26

Eldrerådet har slik tilråding til kommunestyret:

- Eldrerådet tek rapporten til orientering.
- Eldrerådet ser med uro på utviklinga ovanfor barn og unge og er oppteke av at det blir sett i verk målretta tiltak som demmer opp mot de utfordringane som går fram av saka. Eldrerådet retter særleg fokus på forebyggjande arbeid.
- Eldrerådet ber om ei orientering om planar og tiltak som er sett i verk for å møte dei utfordringane som rapporten skisserer.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Endringsforslag Synne Nordøy H

Levekårsutvalet ønskjer å støtte vedtaket gjort i ungdomsrådet:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga i ungdomsrådet, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå Synne Nordøy (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 022/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga i ungdomsrådet, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Kommunestyret 07.05.2026

Tilleggsforslag - FORSLAGET VERT TREKT Kristin Børve Jacobsen FrP

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja vekt på førebygging og tidleg innsats for barn og unge i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Endringsforslag Jan Utkilen SL-TVØ

Endring

.... behandla i råda..

Behandling i møtet

Tal på representantar i denne saka

Det var 41 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Kaupang Sæle (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Tilrådinga frå levekårsutvalet med endringa i forslaget frå Jan Utkilen vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 050/26

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga i råda, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

051/26: Fullmakt til å overføre gamle skulebygg - Glesnes, Telavåg, Algrøy og delar av Sund skule

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å overføre gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å selja, endra eller utvikla eigedomane dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ Michael Sangolt H

2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal eigedomane koma attende som ei eiga sak til politisk handsaming i løpet av hausten 2026.

Tilleggsforslag - Nytt punkt 3 Anita Vindenes H

Alle avtalar skal vera likelydande.

Behandling i møtet

Orientering

Mathias Vallestad orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Forslag frå kommunedirektøren punkt 1 samrøystes tilrådd.

Endringsforslag til punkt 2 frå H, KrF, Frp og SL-TVØ samrøystes tilrådd.

Tilleggsforslag frå Anita Vindenes (H) samrøystes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 026/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å overføre gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal eigedomane koma attende som ei eiga sak til politisk handsaming i løpet av hausten 2026.
3. Alle avtalar skal vera likelydande.

Formannskapet 05.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Tilrådinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 030/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å selja gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal kommunen leggja eigedomane fram som eiga sak for politisk behandling i løpet av hausten 2026.
3. Alle avtalar skal vera likelydande.

Kommunestyret 07.05.2026

Tilleggsforslag Stian Oen Ap

Kommunestyre ber kommunedirektøren om å, der forholda elles ligg til rette for det, gå i dialog også med andre bygdelag om overtaking av kommunale bygg, etter tilsvarende rammebetingelsar som følgjer av kommunestyret sitt vedtak i PS 051/26.

Behandling i møtet

Tal på representantar i denne saka

Det var 41 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Kaupang Sæle (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Stian Oen (Ap) fekk 10 stemmer (Ap (7), SV (2), R (1) og fall.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 051/26

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å selja gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal kommunen leggja eigedomane fram som eiga sak for politisk behandling i løpet av hausten 2026.
3. Alle avtalar skal vera likelydande.

052/26: Forslag til framtidig organisering av den kommunale bustadforvaltninga

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret sluttar seg til målsetjinga om ei meir samordna kommunal bustadforvaltning, med éin inngang for innbyggjarane, samla vurdering av ledige bustader og tydelegare skilje mellom bustadsosiale tenester og eigedomsforvaltning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i dialog med Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga, førebu ein felles driftsmodell som kan gjennomførast uavhengig av utfallet i Stiftelsesklagenemnda.
3. Kommunestyret forventar at styra i Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga medverkar til nødvendige avklaringar, avtalar og retningslinjer som kan leggje til rette for samordna drift og felles tildelingspraksis.
4. Kommunedirektøren legg fram ny sak om endeleg organisering når Stiftelsesklagenemnda si avgjerd ligg føre, eller når nødvendige avtaleavklaringar er klare.

Formannskapet 05.05.2026

Alternativt forslag - Punkt 1 Jan Utkilen SL-TVØ

1. Kommunestyret vil ha ei meir samordna kommunal bustadforvaltning, med éin inngang for innbyggjarane, samla vurdering av ledige bustader og tydelegare skilje mellom bustadsosiale tenester og eigedomsforvaltning.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren, med nytt alternativ til punkt 1 frå Jan Utkilen (SL-TVØ), vart tilrådd mot éi stemme (FrP).

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 033/26

Formannskapet har slik fleirtalstilråding i saka:

Kommunestyret sluttar seg til styringsgruppa for samordna bustadforvaltning si samrøystes tilråding, med desse presiseringane:

1. Kommunestyret vil ha ei meir samordna kommunal bustadforvaltning, med éin inngang for innbyggjarane, samla vurdering av ledige bustader og tydelegare skilje mellom bustadsosiale tenester og eigedomsforvaltning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i dialog med Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga, førebu ein felles driftsmodell som kan gjennomførast uavhengig av utfallet i Stiftelsesklagenemnda.
3. Kommunestyret forventar at styra i Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga medverkar til nødvendige avklaringar, avtalar og retningslinjer som kan leggje til rette for samordna drift og felles tildelingspraksis.
4. Kommunedirektøren legg fram ny sak om endeleg organisering når Stiftelsesklagenemnda si avgjerd ligg føre, eller når nødvendige avtaleavklaringar er klare.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Habilitet

Desse representantane retta førespurnad om ugildskap etter forvaltningslova § 6 andre ledd:

Nina Glesnes (SL–TVØ), fordi ho er leiar i Øygarden bustadutvikling KF.

Hege Glesnes (INP), fordi ho er styremedlem i Øygarden bustadforvaltning KF.

Kommunestyret innvilga førespurnaden samrøystes.

Tal på representantar i denne saka

Det var 39 representantar i møtet under behandlinga av denne saka.

I tillegg til dei to ugilde, hadde Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Kaupang Sæle (H) permisjon.

Det mangla òg vara for INP.

Votering

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 052/26

Kommunestyret sluttar seg til styringsgruppa for samordna bustadforvaltning si samrøystes tilråding, med desse presiseringane:

1. Kommunestyret vil ha ei meir samordna kommunal bustadforvaltning, med éin inngang for innbyggjarane, samla vurdering av ledige bustader og tydelegare skilje mellom bustadsosiale tenester og eigedomsforvaltning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i dialog med Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga, førebu ein felles driftsmodell som kan gjennomførast uavhengig av utfallet i Stiftelsesklagenemnda.

3. Kommunestyret forventar at styra i Øygarden bustadforvaltning KF og Bustadstiftinga medverkar til nødvendige avklaringar, avtalar og retningslinjer som kan leggje til rette for samordna drift og felles tildelingspraksis.
4. Kommunedirektøren legg fram ny sak om endeleg organisering når Stiftelsesklagenemnda si avgjerd ligg føre, eller når nødvendige avtaleavklaringar er klare.

053/26: Midlertidig endring av alkoholpolitisk handlingsplan og tilhøyrande forskrift om skjenketider i Øygarden kommune - Fotball-VM 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt forslag om midlertidig endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026. Det vert teke atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget.

Det vert gjort slik endring i "Forskrift om sals- og skjenketider ved omsetning av alkoholholdig drikk, Øygarden kommune, Vestland" FOR-2024-05-23-840:

Ny § 2a: Midlertidig endring av skjenketid for alkohol i perioden 11.06.26 – 19.07.26 – Fotball-VM 2026

For skjenkestadar som viser direktesendte kampar for staden sine gjester under Fotball-VM for herrar 2026, kan skjenking av alkohol i Øygarden kommune utvidast slik:

- Alkoholgruppe 1 og 2 (frå 2,5 til 21 volumprosent alkohol) frå kl. 02.00 til kl. 06.00.

Forskriftsendringa trer i kraft frå vedtakstidspunktet og opphøyrer 19.07.26.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Nye opplysingar i saka - etter innkallinga er sendt

Prop. 88 L (2025–2026)

Midlertidig endring av alkoholloven (unntak fra maksimaltiden for skjenking under fotball-VM for herrar 2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Tilråding fra Helse- og omsorgsdepartementet 10. april 2026, godkjent i statsråd samme dag.

[Prop. 88 L \(2025–2026\) - regjeringen.no](#)

Endringsforslag frå KrF Helge Nilsen KrF

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrar 2026.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå Helge Nilsen (KrF) 6 mot vart sett opp mot innstillinga. Forslaget vart vedteke med 6 mot 5 røyster. (mindretal 2 H, 2 AP og FrP)

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 024/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrar 2026.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 42 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP) og Inge Kausland (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag fekk 25 stemmer (AP (7), Bjarne Tjong (INP), Nils Kåre Skoge (H), Synne Nordøy (H), Renate Toft (H), Andreas Kallekleiv (H), Kjetil Søyland (H), Tom Georg Indrevik (H), Anita Vindenes (H), Beate Bjelland (H), Nina Glesnes (SL-TVØ), Børge Haugetun (SL-TVØ), FrP (6), PP (1)) og vart vedteke.

Levekårsutvalet si tilråding fekk 17 stemmer (KrF (3), Silvia Haugland (H), Robert K. Sæle (H), Stian Telle (H), Michael Sangolt (H), Richard T. Ledang (H), V (1), Jan Utkilen (SL-TVØ), Hege Glesnes (INP), Robert Lund (INP), SV (2), R (1), SP (1), MDG (1)) og fall.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 053/26

Kommunestyret vedtek å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt forslag om midlertidig endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026. Det vert teke atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget.

Det vert gjort slik endring i "Forskrift om sals- og skjenketider ved omsetning av alkoholholdig drikk, Øygarden kommune, Vestland" FOR-2024-05-23-840:

Ny § 2a: Midlertidig endring av skjenketid for alkohol i perioden 11.06.26 – 19.07.26 – Fotball-VM 2026

For skjenkestadar som viser direktesendte kampar for staden sine gjester under Fotball-VM for herrar 2026, kan skjenking av alkohol i Øygarden kommune utvidast slik:

- Alkoholgruppe 1 og 2 (frå 2,5 til 21 volumprosent alkohol) frå kl. 02.00 til kl. 06.00.

Forskriftsendringa trer i kraft frå vedtakstidspunktet og opphøyrer 19.07.26.

054/26: Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 018/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026 - saksnr. 016/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilrådning til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 023/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Nye opplysningar i saka – feil klokkeslett i opningstida i forskrifta

Det er oppdaga ein feil i § 12 i forskrifta, andre setning.

I vedlagd forskrift står det:

«Dagleg opningstid heile året utanon feriar kl. 07.30–16.30.»

Rett formulering skal vera:

«Dagleg opningstid heile året utanom feriar kl. **07.00**–16.30.»

Tilleggsforslag Tom Georg Indrevik H

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik ho ligg føre, med følgjande endring:

§ 12 - andre setning i forskrifta skal lyda:

«Dagleg opningstid heile året utanom feriar kl. 07.00–16.30.»

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 42 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP) og Inge Kausland (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Forslag frå Tom Georg Indrevik (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 054/26

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik ho ligg føre, med følgjande endring:

§ 12 - andre setning i forskrifta skal lyda:

«Dagleg opningstid heile året utanom feriar kl. 07.00–16.30.»

055/26: Vurdering av opning av bassenget ved Fjell ungdomsskule

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek at bassenget ved Fjell ungdomsskule ikkje vert opna, og legg til grunn at behovet for lovpålagt symjeopplæring vert ivareteke gjennom eksisterande bassengkapasitet ved Stranda, Ågotnes og Hjeltefjorden.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Tilleggsforslag - Nytt punkt 2 Silje Ulveseth Ap

Administrasjonen ser på muligheten om bassenget på Ulveset kan brukast for framtidig symjeopplæring for både Fjell og Ulveset

Behandling i møtet

Orientering

Ivan Nakken orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Tilleggsforslag frå Silje Ulveseth(AP) fekk 4 stemmer (2 AP, SV, INP) og fall.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 022/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek at bassenget ved Fjell ungdomsskule ikkje vert opna, og legg til grunn at behovet for lovpålagt symjeopplæring vert ivareteke gjennom eksisterande bassengkapasitet ved Stranda, Ågotnes og Hjeltefjorden.

Kommunestyret 07.05.2026

Tilleggsforslag Silje Ulveseth Ap

Administrasjonen ser på muligheten om bassenget på Ulveset kan brukast for framtidig symjeopplæring for både Straume og Ulveset.

Utsettingsforslag Nina Glesnes SL-TVØ

Saka vert utsett.

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 40 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H), Robert Lund (INP) og Rebekka Moldøen (Ap) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP. Robert Kaupang Sæle hadde permisjon i starten av saka og ved utsetjingsforslaget, men var tilstades under voteringa.

Votering

Utsetjingsforslaget frå Nina Glesnes (SL-TVØ) fall då 21 stemte mot forslaget (H (13), Børge Haugetun (SL-TVØ), Sølvi Schei (FrP), V (1), KrF (3), PP (1), MDG (1))

Tilråding frå PMU (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Silje Ulveseth (Ap) fekk 12 stemmer (Ap (6), SV (2), R (1), SP (1), INP (2) og fall.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 055/26

1. Kommunestyret vedtek at bassenget ved Fjell ungdomsskule ikkje vert opna, og legg til grunn at behovet for lovpålagt symjeopplæring vert ivareteke gjennom eksisterande bassengkapasitet ved Stranda, Ågotnes og Hjeltefjorden.

056/26: Båtruta Geitanger - Knappskog - ny vurdering etter privat initiativ til medfinansiering av ny kontrakt

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Formannskapet vedtek ei årleg medfinansiering på kr 130.000 til ny kontrakt for båtruta Geitanger - Knappskog. Medfinansieringa gjeld for ein kontraktperiode på 5 år
2. Midlane vert finansiert gjennom omdisponering av midlar ved å ikkje opne basseng ved Fjell ungdomsskule jf sak til KS 07.05

Formannskapet 05.05.2026

Alternativt forslag - punkt 2 Tom Georg Indrevik H

2. Midlane vert finansiert innanfor for gjeldande budsjett.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren - punkt 1 vart samrøystes tilrådd.

Alternativt forslag til punkt 2 frå Tom Georg Indrevik vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 034/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek ei årleg medfinansiering på kr 130.000 til ny kontrakt for båtruta Geitanger - Knappskog. Medfinansieringa gjeld for ein kontraktperiode på 5 år
2. Midlane vert finansiert innanfor for gjeldande budsjett.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 41 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Lund hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 056/26

1. Kommunestyret vedtek ei årleg medfinansiering på kr 130.000 til ny kontrakt for båtruta Geitanger - Knappskog. Medfinansieringa gjeld for ein kontraktsperiode på 5 år
2. Midlane vert finansiert innanfor for gjeldande budsjett.

057/26: Prinsippvedtak - Føresetnader for bruk av utbyggingsavtalar i Øygarden kommune - Vedtak etter plan- og bygningslova § 17-2 - Etter høyring

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek desse prinsippa for bruk av utbyggingsavtalar i Øygarden kommune, jf. plan- og bygningslova § 17-2:

1. Geografisk avgrensing

Øygarden kommune tilbyr utbyggingsavtalar i samsvar med denne prinsippa innafor heile kommunen sine grenser når dei andre føresetnadane for avtale er til stades. Ved grunnlag i områdeplan eller detaljplan, kan det fattast meir spesifikke vedtak etter plan- og bygningslova § 17-2, der dette vil gjere det meir føreseieleg.

2. Innhald i utbyggingsavtaler

Øygarden kommune sine utbyggingsavtalar kan ha eit innhald i tråd med plan- og bygningslova § 17-3, der det kjem fram at ei utbyggingsavtale kan innehalde føresegner om:

- a. at ein grunneigar eller utbygger skal stå for, eller heilt eller delvis bere kostnadene ved, tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtaket
- b. forskottering av offentleg infrastruktur som er nødvendig for gjennomføring av planvedtak
- c. talet på bustader i eit område, største og minste bustadstorleik og nærare krav til bygningar si utforming
- d. at kommunen eller andre skal ha forkjopsrett til å kjøpa ein del av bustadene til marknadspris

Av andre ledd går det fram at det ikkje kan avtalast at ein grunneigar eller utbygger heilt eller delvis skal dekkja kostnader, forskottera, yta lån til eller på annan måte finansiera sosial infrastruktur, som til dømes skular, barnehagar, sjukeheimar eller tilsvarande tenester som det offentlege etter lova har plikt til å syta for.

Av tredje ledd går det fram at ein utbyggingsavtale ikkje kan gjelda infrastrukturtiltak som allereie er tilstrekkeleg etablerte i samsvar med kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan, eller der etableringa er sikra. Det same gjeld kostnader til drift av infrastrukturen og generelle løpande utgifter knytte til utbygginga.

3. Kostnadsdeling

Utbyggingsområda skal som hovudregel sjølve dekke kostnadene ved ny offentlig infrastruktur som har direkte tilknytning til utbygginga. Dette gjeld innanfor rammene i plan- og bygningslova § 17-4, som slår fast at avtalane kan omfatta tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtak, og som står i rimeleg høve til utbygginga sin art og omfang. Eventuelle kommunale økonomiske bidrag, inkludert forskottering, må avklarast i den einskilde avtaleprosessen.

4. Byggherreansvar

Øygarden kommune skal ikkje ha byggherreansvaret for tiltak som det ligg til utbygger å opparbeida og finansiera. Utbyggingsavtalar etter anleggsbidragsmodellen/Valdresmodellen skal ikkje inngåast. Slike avtaler kan likevel vurderast i særskilde tilfelle, til dømes der utbygger er ein statleg aktør.

5. Fullmakter avtaleprosess

Mynde til å godkjenne framforhandla utbyggingsavtale ligg til kommunestyret. Kommunedirektøren delegerast fullmakt til å melde oppstart av avtaleforhandlingar og legge framforhandla utbyggingsavtale til offentlig ettersyn.

6. Gebyr

Det vert berekna gebyr for inngåing av utbyggingsavtalar. Nivå på gebyret vert fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ.

7. Prinsippvedtaket gjeld frå dags dato i heile Øygarden kommune

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 41 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Lund hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 057/26

Kommunestyret vedtek desse prinsippa for bruk av utbyggingsavtalar i Øygarden kommune, jf. plan- og bygningslova § 17-2:

1. Geografisk avgrensing

Øygarden kommune tilbyr utbyggingsavtalar i samsvar med denne prinsippa innafor heile kommunen sine grenser når dei andre føresetnadane for avtale er til stades. Ved grunnlag i områdeplan eller detaljplan, kan det fattast meir spesifikke vedtak etter plan- og bygningslova § 17-2, der dette vil gjere det meir føreseieleg.

2. Innhald i utbyggingsavtaler

Øygarden kommune sine utbyggingsavtalar kan ha eit innhald i tråd med plan- og bygningslova § 17-3, der det kjem fram at ei utbyggingsavtale kan innehalde føresegn om:

- a. at ein grunneigar eller utbyggar skal stå for, eller heilt eller delvis bere kostnadene ved, tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtaket
- b. forskottering av offentleg infrastruktur som er nødvendig for gjennomføring av planvedtak
- c. talet på bustader i eit område, største og minste bustadstorleik og nærare krav til bygningar si utforming
- d. at kommunen eller andre skal ha forkjøpsrett til å kjøpa ein del av bustadene til marknadspris

Av andre ledd går det fram at det ikkje kan avtalast at ein grunneigar eller utbyggar heilt eller delvis skal dekkja kostnader, forskottera, yta lån til eller på annan måte finansiera sosial infrastruktur, som til dømes skular, barnehagar, sjukeheimar eller tilsvarande tenester som det offentlege etter lova har plikt til å syta for.

Av tredje ledd går det fram at ein utbyggingsavtale ikkje kan gjelda infrastrukturtiltak som allereie er tilstrekkeleg etablerte i samsvar med kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan, eller der etableringa er sikra. Det same gjeld kostnader til drift av infrastrukturen og generelle løpande utgifter knytte til utbygginga.

3. Kostnadsdeling

Utbyggingsområda skal som hovudregel sjølve dekkja kostnadene ved ny offentleg infrastruktur som har direkte tilknytning til utbygginga. Dette gjeld innanfor rammene i plan- og bygningslova § 17-4, som slår fast at avtalane kan omfatta tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtak, og som står i rimeleg høve til utbygginga sin art og omfang. Eventuelle kommunale økonomiske bidrag, inkludert forskottering, må avklarast i den einskilde avtaleprosessen.

4. Byggherreansvar

Øygarden kommune skal ikkje ha byggherreansvaret for tiltak som det ligg til utbyggar å opparbeida og finansiera. Utbyggingsavtalar etter anleggsbidragsmodellen/Valdresmodellen skal ikkje inngåast. Slike avtaler kan likevel vurderast i særskilde tilfelle, til dømes der utbyggar er ein statleg aktør.

5. Fullmakter avtaleprosess

Mynde til å godkjenne framforhandla utbyggingsavtale ligg til kommunestyret. Kommunedirektøren delegerast fullmakt til å melde oppstart av avtaleforhandlingar og legge framforhandla utbyggingsavtale til offentleg ettersyn.

6. Gebyr

Det vert berekna gebyr for inngåing av utbyggingsavtalar. Nivå på gebyret vert fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ

7. Prinsippvedtaket gjeld frå dags dato i heile Øygarden kommune

058/26: Endring av forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek slik endring i forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune:

I § 2-1 vert følgjande avsnitt lagt til:

Politiet kan etter søknad gje dispensasjon frå kravet om nattero for ei konkret hending i ein avgrensa periode. Politiet kan setja vilkår for løyvet. Søkjaren må senda søknaden til politiet innan fristen

politiet fastset. I søknaden skal søkjaren dokumentera korleis naboar som vert råka er kontakta, og at dei har fått høve til å uttala seg innan ein fastsett frist.

2. Endringa trer i kraft frå det tidspunktet ho er stadfesta av Politidirektoratet.

Formannskapet 05.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 05.05.2026 - saksnr. 036/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek slik endring i forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune:

I § 2-1 vert følgjande avsnitt lagt til:

Politiet kan etter søknad gje dispensasjon frå kravet om nattero for ei konkret hending i ein avgrensa periode. Politiet kan setja vilkår for løyvet. Søkjaren må senda søknaden til politiet innan fristen politiet fastset. I søknaden skal søkjaren dokumentera korleis naboar som vert råka er kontakta, og at dei har fått høve til å uttala seg innan ein fastsett frist.

2. Endringa trer i kraft frå det tidspunktet ho er stadfesta av Politidirektoratet.

Kommunestyret 07.05.2026

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 41 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP), Inge Kausland (H) og Robert Lund hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Tilrådinga frå formannskapet (lik forslaget frå kommunedirektøren) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 058/26

1. Kommunestyret vedtek slik endring i forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune:

I § 2-1 vert følgjande avsnitt lagt til:

Politiet kan etter søknad gje dispensasjon frå kravet om nattero for ei konkret hending i ein avgrensa periode. Politiet kan setja vilkår for løyvet. Søkjaren må senda søknaden til politiet innan fristen politiet fastset. I søknaden skal søkjaren dokumentera korleis naboar som vert råka er kontakta, og at dei har fått høve til å uttala seg innan ein fastsett frist.

2. Endringa trer i kraft frå det tidspunktet ho er stadfesta av Politidirektoratet.

059/26: Interpellasjonar og spørsmål

Innstilling til vedtak

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommunestyret 07.05.2026

Spørsmål - Skolene i Øygarden kommune Symphorien Pombe SV

I dag finnes mange gode tilbud innen kultur, idrett og fritidsaktiviteter for barn, unge, familier i vår kommune. Utfordringen er at informasjonen ofte ligger spredt på ulike nettsider, facebook-sider og enkeltstående kanaler.

Dette gjør det vanskelig for foreldre, barnehager, skoler, og nye innbyggere å få full oversikt over tilbudene som finnes.

Kan ordfører ta initiativ til å utvikle en felles digital plattform for eksempel en applikasjon for fritidsaktiviteter i Øygarden ?

Svar:

Vi har i dag:

- Kommunekalender - med kopling til kommuneapp
- Facebook-gruppa Kva skjer i Øygarden (nærare 12 000 medlemmar)
- Aktiv kommune
- Diverse nettsider og "På plakaten" i Vestnytt

Alle desse kan brukast til å synleggjere faste aktivitetar, men blir mest brukt til arrangement. Hovudutfordringa med alle desse løysingane er at vi ikkje får all informasjon, og at informasjonen som står der ikkje blir oppdatert. Det har fleire gongar komme ønskje om eit felles stad å samle aktivitetane men det manglar midlar til å finna og ressursar til å vedlikehalde ei god løysing. Eit alternativ kan vere Foreningsportalen.no som vi veit andre omkringliggende kommunar har tatt i bruk. Uansett løysing er vi avhengig av at lag og organisasjonar sjølv oppdaterer informasjonen som blir lagt ut.

Dersom Foreningsportalen er noko ein vil prioritera, må det setjast av midlar til det i samband med budsjettet.

Spørsmål - Smartklokker og smarttelefoner på skolene Symphorien Pombe SV

Det kan observeres at lærere beskriver utfordringer knyttet til bruk av smartklokker på skolene. Det foreslås mobilhotell eller mobilfengsel for smartklokker, og skolene må vurdere om en slik ordning skal innføres allerede fra 1. trinn.

Smartklokker og mobiltelefoner skal ikke brukes på skolene, og foresatte må ta ansvar for dette og følge opp.

Er det ikke på sin plass at vi kommunestyrepolitikere reiser debatt om dette temaet og fatter et vedtak som gjelder alle elevene våre som går på ulike skoler i kommunen?

Svar:

Vi vurderer ikkje at det er behov for eit eige vedtak om mobilforbod. Dette er allereie regulert gjennom *forskrift om skulereglar og skuledemokrati for Øygarden kommunale skular*:

§ 4 Reglar for orden

Elevane skal:

g. ha mobiltelefon, smartklokke og anna elektronisk utstyr avslått i skule- og SFO-tida og oppbevara utstyret i tråd med dei utfyllande reglane til skulen, dersom ikkje rektor har avtalt noko anna.

§ 6 Tiltak ved brot på skulereglane

c. skulen kan inndra mobiltelefon eller anna personleg utstyr dersom eleven nyttar det på skuleområdet i skuletida, og halda det inne resten av skuledagen.

Forskrifta byggjer på dei nasjonale tilrådingane frå Utdanningsdirektoratet. Direktoratet rår til å strengt regulera bruk av private mobiltelefonar og smartklokker i undervisninga og i friminutta på barneskulen (1.–7. trinn).

I praksis vert dette løyst på ulike måtar. Nokre skular har innført mobilhotell, medan andre har ordningar der elevane skal ha avslått mobil eller smartklokke i sekken. Mobilhotell er heller inga enkel løysing, då vi har døme på elevar som leverer inn ein gamal mobil for å kunna bruka den vanlege mobilen i skuletida. Rektor har mandat til å avgjera kva ordning skulen skal ha.

Eg vil ikkje tilrå å innføra reglar eller gjera vedtak som set eit absolutt forbod mot pedagogisk bruk av mobil. I enkelte situasjonar kan ein ha behov for mobil i undervisninga, til dømes på tur dagar, prosjektdagar, i programmering eller liknande aktivitetar.

For nokre elevar er mobiltelefonen òg nødvendig som hjelpemiddel, til dømes for bruk av Google Lens, insulinpumpe eller andre digitale støtteverktøy.

Det er likevel ingen grunn til at elevar skal ha smartklokka tilgjengeleg i skule- eller SFO-tida.

Samstundes er det ingen tvil om at problemstillinga er reell, og at handhevinga kan vera krevjande. Vi ser òg at det skjer mykje uheldig kommunikasjon på smartklokker og smarttelefonar utanom skuletida.

Spørsmål - Toppa bemanning barnehage Nils Bjarte Sæle R

I statsbudsjettet for 2025 ble det satt av 200 millioner til toppa bemanning i barnehagene for barnehageåret 2025/26. I budsjettforliket for 2026 fikk Rødt gjennomslag for en firedobling og midlene for barnehageåret 2026/27 er på 800 millioner. Den 5. mars 2026 kom oversikt over hvor mye penger hver kommune kan få i ordningen, for Øygarden er det 6,1 mil. Søknadsfrist for kommunene var 10. april.

-Har kommunen søkt om disse midlene og hvordan er de benyttet?

Svar:

Øygarden kommune har fått tildelt midlar til toppa bemanning. Tildelingsbrev er lagt inn som RS-sak i møtet.

Levekårsutvalet vedtok i januar 2026 følgjande fordeling av midlane til toppa bemanning i barnehagane:

1. Lavekårsutvalet vedtek at midlane i tilskotsordninga vert fordelt til alle barnehagar i kommunen utan behovsprøving, basert på ein lik sats per barn, innanfor tilskotsordninga sitt formål. Denne fordelinga gjeld både for 2026 og komande år forutsett at tilskotsordninga blir vidareført

2. Fordelinga av tilskotet blir evaluert hausten 2026, og Levekårsutvalet vil få ei orientering om resultatet av evalueringa

Midlane vart fordelt ut til barnehagane i april 2026.

Gi ungdom ein sjanse i arbeidslivet Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Kommunestyret i Øygarden oppfordres til å slutte seg til en uttale der en oppfordrer lokalt næringsliv til å gi ungdom en sjanse gjennom sommerjobb eller arbeidspraksis.

Vi håper at hele kommunestyret kan slutte opp om uttalen og at den kan sendes ut til lokalt næringsliv - på vegne av Kommunestyret i Øygarden. Det er ikke vanlig å vedta slike uttaler i kommunestyret, men med bakgrunn i saker som er til behandling i kommunestyret så mener vi at et felles uttale kan bety noe og kanskje gjøre en forskjell.

Gi ungdom en sjanse i arbeidslivet

Kommunestyret i Øygarden er bekymret for at mange ungdommer mellom 15 og 24 år står utenfor både utdanning og arbeidsliv. Å bli stående utenfor i denne fasen av livet øker risikoen for varig utenforskap, og kan gjøre det vanskeligere for unge å få brukt sine evner, engasjement og kunnskap til beste for seg selv og samfunnet.

Vi i kommunestyret mener at tidlig erfaring fra arbeidslivet er noe av det viktigste vi kan bidra med for ungdom. Gjennom arbeid får unge mulighet til å utvikle grunnleggende ferdigheter som samarbeid, ansvar og det å møte opp og gjennomføre. Dette gir mestringsfølelse, struktur i hverdagen og en opplevelse av tilhørighet – faktorer som er avgjørende for å lykkes videre i livet.

Derfor ønsker vi å rette en tydelig og varm oppfordring til lokalt næringsliv:

Ta inn én ungdom

Kommunestyret i Øygarden utfordrer dere:

Ta inn én ungdom i sommerjobb eller arbeidspraksis.

For en ungdom kan det å få sin første erfaring i arbeidslivet bety mer enn vi kanskje tror. Det handler ikke bare om å tjene penger, men om å bli sett, få prøvd seg, og oppleve at man får til noe. Det kan være starten på et yrkes løp – og et viktig vendepunkt i livet.

Samtidig er dette også en investering for dere som arbeidsgivere. I tiden fremover vil tilgang på arbeidskraft være en av våre største utfordringer. Ved å åpne dørene nå, får dere mulighet til å bli kjent med motiverte ungdommer som kan utvikle seg til viktige ansatte i fremtiden.

Men aller viktigst: Å gi ungdom en sjanse handler om mer enn arbeidskraft. Det handler om å forebygge utenforskap, skape muligheter og bidra til at flere unge får oppleve mestring og tilhørighet.

Kommunestyret i Øygarden oppfordrer derfor alle lokale bedrifter til å bidra. Sammen kan vi gi flere unge en god start på arbeidslivet – og samtidig bygge et enda sterkere og mer inkluderende lokalsamfunn.

Svar:

I følge møtereglementet kan ikke kommunestyret gjera dette vedtaket. For å kunna vedta uttalen måtte vi, heilt i starten av møtet, ha avgjort under saka «Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll» at vi skulle setja ei ny sak på dagsordenen.

Gjenåpning av terapibassenget på Rong Kenneth Hjortland KrF

I forbindelse med innsparingene vi vedtok i fjor ble terapibassenget på Rong stengt. Slik situasjonen var da, var det et nødvendig tiltak.

Stengingen har fått konsekvenser for mange av de svakeste gruppene innbyggere vi har. Mange med kroniske lidelser har mistet tilbudet sitt. Jeg har fått henvendelser fra flere nord i kommunen, deriblant eldre reumatikere og barnefamilier som har barn med nedsatt funksjonsevne som savner tilbudet.

I tillegg har dette ført til betydelig større press på terapibassenget på Straume. En av konsekvensene er at det ikke er kapasitet for mer enn fire av de seksten barna ved spesialavdelingen på Hjelteryggen skule. Både medisinsk fagpersonell, skolen selv og foreldre stiller spørsmål ved at barn med helt åpenbare behov for bassengterapi nå står uten tilbud.

Kan ordfører be administrasjonen forberede en sak på hva det vil koste å gjenåpne terapibassenget på Rong slik at kommunestyret kan behandle det i forbindelse med revisjon av budsjettet i juni?

Svar:

Driftskostnaden ved å åpne terapibassenget på Rong er på ca 1,1 millionar kroner.

Behandling i møtet

Spørsmåla vart presentert og svart ut i møtet.

Vedtak i Kommunestyret 07.05.2026 - saksnr. 059/26

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.